

Loppemarknad i februar

19.12.2012

Lions i Kvinnherad har basen sin i Gamleskolen i Uskedalen og no har det vorte ein tradisjon å avvikla også loppemarknader her i bygda. Denne vinteren vert marknaden halden laurdag 24. februar og første oppgåve er innsamling av loppar. Som plakaten ovanfor fortel er det på høg tid å leita etter egna gjenstandar i skuffar og skåp og melde i frå til Gianni Rebaudo.

Marknaden går føre seg i Aktivitetshuset - ein sentral og veileigna plass i bygda og kommunen. Finn fram saker og ting som du ikkje har bruk for men som kan gå til det gode føremålet!